

# Møteprotokoll

**Utval:** Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 04.07.2013  
**Tidspunkt:** 15:45

## Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn              | Funksjon | Representerer |
|-------------------|----------|---------------|
| Ola Tarjei Kroken | Medlem   |               |
| Nina Klara Grotle | Medlem   |               |
| Anita Nybø        | Medlem   |               |

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn                | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Bengt Solheim-Olsen | MEDL     |               |

## Frå administrasjonen møtte:

| Namn             | Stilling             |
|------------------|----------------------|
| Alf Erik Røyrvik | verneområdeforvaltar |

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald   | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|---|-------|--------------|
| ST 9/13       | Godkjenning av innkalling og sakliste   |       |              |
| ST 10/13      | Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding - SFE Produksjon |       | 2013/2836    |

Arkivsaksnr: 2013/2836-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 04.07.2013

| Utvalg                                    | Utvalgssak | Møtedato   |
|---|------------|------------|
| Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde | 10/13      | 04.07.2013 |

## **Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding - SFE Produksjon**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om helikopterlanding frå SFE Produksjon

### **Søknaden**

Sogn og Fjordane Energi sitt produksjonsselskap (SFE Produksjon) driv og held ved like fleire kraftanlegg og -installasjonar i Ålfotbreen-området. Blant desse er det fleire installasjonar og objekt innanfor og rundt Ålfotbreen landskapsvernområde. SFE Produksjon har jamleg behov for å drive tilsyn og vedlikehald på desse installasjonane og objekta.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ein bremålingsstasjon ved Ålfotbreen. Her ligg det ei hytte som NVE nyttar i samband med målingar. Hytta ligg på om lag 1140 moh. rett nord for sjølv Ålfotbreen, innanfor grensa til landskapsvernområdet. SFE har tilsyn og vedlikehald av denne hytta.

SFE Produksjon søker om fleirårig løyve følgjande helikopterlandingar:

- 2 landingar årleg ved inntak Skordalselva i samband med tilsyn med inntak til overføringstunnel. Flyruta går frå Åskora kraftverk og oppover langs Åskoravassdraget til inntaket. Flygingane er tenkt gjennomført i august-september.
  
- Landingar ved hytta nord for Ålfotbreen
  - o SFE: 1 landing i august-september i samband med tilsyn og vedlikehald av hytta
  - o NVE: 4 gongar per år:
    - Januar/februar: skjøte målestakar (1 dag)
    - April/mai: snømålingar (2 dagar)
    - Juli/august: omboring av målestakar (1 dag)
    - Oktober: måling av snøsmelting (1 dag)

Flyrute for desse flygingane er enten frå Åskora kraftverk til hytta, eller direkte frå Førde lufthamn til hytta.

### **Verneforskrift og regelverk**

All motorferdsel, inkludert landing med luftfartøy, er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med visse føremål med heimel i verneforskrifta. Mellom anna gjeld dette motorferdsel i samband med tilsyn med SFE sitt inntak i Skordalselva.

Verneforskrifta § 3:

5.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:*

*[...]*

- f) transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.*

Forvaltningsstyresmakta kan altså gje løyve til landingane ved inntaket i Skordalselva.

Dei omsøkte landingane ved hytta til NVE er det ikkje heimel til i verneforskrifta. Dei landingane må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48. Med heimel i denne paragrafen kan ein under visse kriterie gje dispensasjon frå vernevedtak.

Naturmangfaldlova § 48:

*§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)*

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*[...]*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i denne paragrafen gje landingsløyve slik det er søkt om, dersom tiltaket ikkje strider mot verneføremålet og dersom det ikkje påverkar verneverdiane negativt. Helikopterflyging i utmark må ha løyve etter Lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som kan gje eit slikt løyve, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å få på plass det løyvet.

## Vurdering

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til landing ved inntaket i Skordalselva, med heimel i verneforskrifta. SFE har her eit reelt behov for å ha tilsyn med inntaket, noko som har blitt poengert i verneprosessen og opna for i verneforskrifta. Bruk av helikopter er den mest brukte måten å komme seg til og frå denne typen objekt, og det er akseptert å nytte helikopter i slike samanhengar, både i Ålfotbreen landskapsvernområde og i andre verneområdet. Alternativet er å gå til fots, noko som er særskild tidkrevjande og tungvindt for kraftselskapet.

Verneområdeforvaltninga er ikkje kjend med at landing ved inntaket kan få nemneverdige negative effektar på natur og miljø i området. Perioden på året det er søkt om å lande er ikkje sårbar med omsyn til fugl, då hekkeperioden er ferdig. Det er lite ferdsel i området som kan verte sjenerte av motorstøy.

Landing ved hytta som NVE nyttar til snømåling må som sagt handsamast etter nml § 48. Det må då vurderast om tiltaket er i strid med verneføremålet eller om det kan påverke verneverdiane negativt, før ein igjen kan vurdere ein eventuell dispensasjon.

Verneføremålet til Ålfotbreen landskapsvernområde står i verneforskrifta § 2:

Føremålet med vernet er å:

- Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.
- Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledd dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.

*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Føremålet med vernet er først å fremst å ta vare på landskapet med dei breane og dei geologiske landskapsformene som er spesielle for dette området, og i tillegg å ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskapet. Slik forvaltaren vurderer det, er ikkje helikopterlanding ved denne hytta i strid med verneføremål og påverkar ikkje verneverdiane negativt, so lenge motorferdsla er av eit avgrensa omfang og ikkje skapar unødig uro.

Målingane til NVE er viktige, både for kraftbransjen og for at vi skal få kunnskap om klimatiske forhold og utvikling. Målingane er i følge utkast til forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde lovpålagde og følgjer eit fastlagt program. Dette er dessutan kunnskap som mange vil kunne ha nytte av, inkludert verneområdeforvaltninga.

Det er søkt om fleirårige løyve, då dette er behov som melder seg kvart år. I slike saker er det vanleg å gje løyve for ein «prøveperiode» på 1-2 år i første omgang, og so seinare fornye løyvet for ein lengre periode (inntil 5 år) dersom erfaringane frå «prøveperioden» tilseier det.

### **Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Naturmangfaldlova § 8 set krav til eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag når ein skal handsame saker som kan påverke natur og miljø. Forvaltninga er ikkje kjend med at tiltaket vil ha noko negativ påverknad eller føre til skade på naturmiljøet i området. Det kan førekomme rovfugl i dette området, so det vert lagt inn vilkår om at SNO kan legge føringar for gjennomføring av flyginga dersom ein skulle få kjennskap om hekkelokalitetar som må takast omsyn til. Helikopter har vore nytta tidlegare i dette og omkringliggjande område, utan at forvaltning eller oppsyn har registrert negativ påverknad. Kunnskapsgrunnlaget bygger på tilgjengeleg viten og erfaring og vert vurdert til å vere tilfredsstillande. Førre-var-prinsippet kjem derfor ikkje til bruk her.

Det er lite motorferdsel i Ålfotbreen landskapsvernområde. Den samla belastninga må derfor seiast å vere låg og godt innanfor det akseptable. Det er ikkje venta at tiltaket kan føre til miljøforringing. I følgje naturmangfaldlova § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og rute vert valt, og slik forvaltninga ser det er det nettopp det som er søkt om i søknaden frå SFE.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak**

SFE Produksjon får løyve til landing med helikopter ved inntaket i Skordalselva, med heimel i verneforskrifta for Ålfotbreen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3.f). Løyvet gjeld for inntil to landingar per år i 2013 og 2014.

SFE Produksjon og NVE får løyve til landing med helikopter ved bremålingshytta nord for Ålfotbreen, med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd. Løyvet gjeld inntil 5 landingar per år, fordelt ut over året som beskrive i søknaden. Løyvet gjeld for åra 2013 og 2014.

#### **Vilkår for løyva:**

- Dette løyvet skal vere med under flyginga
- Flyginga skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til vilt og turfolk
- Det skal ikkje flygast på søndagar med mindre det er strengt naudsynt
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) skal varslast seinast dagen før flyging finn stad. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til rovfugl skulle tilseie at det er naudsynt.
- Det skal, innan utgangen av kvart år løyvet gjeld, sendast rapport til verneområdeforvaltar om den gjennomførte flyginga det året.
- Resultatet av bremålingane skal gjerast tilgjengeleg for verneområdeforvaltninga

#### **Vedtak:**

Ålfotbreen verneområdestyre fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltaren